

Prop. 5 S

(2025–2026)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon
om skiping av ein mellomstatleg organisasjon
for utvikling og utnytting av digitale
havsystem og informasjonstenester
(Mercator internasjonale senter for havet)
av 23. april 2025

Innhald

1	Innleiing og samandrag	5	8	Vedlegg IV Protokoll om privilegium og immunitet for Mercator internasjonale senter for havet	9
2	Noregs deltaking i arbeidet med å utarbeide konvensjonen	5			
2.1	Forhandlingsprosessen	5	9	Økonomiske og administrative konsekvensar	9
2.2	Nærare om dagens stifting og den nye mellomstatlege organisasjonen	6	10	Konklusjon og tilråding	9
3	Dei viktigaste forhandlingsresultata	6		Forslag til vedtak om samtykke til ratifikasjon av konvensjon om skiping av ein mellomstatleg organisasjon for utvikling og utnytting av digitale havsystem og informasjonstenester (Mercator internasjonale senter for havet) av 23. april 2025	11
3.1	Generelt	6			
3.2	Betydninga for forvaltinga av norske havområde	6			
4	Nærare om dei enkelte artiklane i konvensjonen	7		Vedlegg	
5	Vedlegg I Liste over statar som kan underteikne konvensjonen	9	1	Convention on the Establishment of an Intergovernmental Organisation for the Development and Exploitation of Digital Ocean Systems and Information Services (Mercator International Centre for the Ocean)	12
6	Vedlegg II Førebels skala for finansielle bidrag for gjennomføring av artikkel 22.1	9	1	Konvensjon om skiping av ein mellomstatleg organisasjon for utvikling og utnytting av digitale havsystem og informasjonstenester (Mercator internasjonale senter for havet) ...	12
7	Vedlegg III Liste over statar og finansielle bidrag for gjennomføring av artikkel 24.4	9			

Prop. 5 S

(2025–2026)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon om skiping av ein mellomstatleg organisasjon for utvikling og utnytting av digitale havsystem og informasjonstenester (Mercator internasjonale senter for havet) av 23. april 2025

*Tilråding frå Utanriksdepartementet 31. oktober 2025,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Innleiing og samandrag

Konvensjon om skiping av ein mellomstatleg organisasjon for utvikling og utnytting av digitale havsystem og informasjonstenester (Mercator internasjonale senter for havet) vart vedteken 23. april 2025 og underteikna under FNs havkonferanse i Nice 9. juni 2025.

Konvensjonen definerer m.a. formålet for den nye organisasjonen, arbeidsspråk, prosedyrar for opptak av medlemsstatar, stemmegiving og finansiering.

Konvensjonen definerer formålet til Mercator internasjonale senter for havet til å utforme, utvikle og drifte verdsleiande digitale havprognosetenester og havinformasjonstenester for medlemsstatane, internasjonal havforvaltning m.fl. Tenestene skal også inkludere marin fysikk, biogeokjemi og økosystem.

Sidan konvensjonen inneber budsjettvedtak og blir rekna som ei sak som er særleg viktig, er Stor-

tingets samtykke til ratifikasjon nødvendig etter Grunnlova § 26 andre ledd.

Konvensjonen i engelsk originaltekst med omsetjing til norsk følgjer som trykt vedlegg til proposisjonen.

2 Noregs deltaking i arbeidet med å utarbeide konvensjonen

2.1 Forhandlingsprosessen

Frankrike tok i 2022 initiativ til å gjere om stiftinga Mercator Ocean International til ein mellomstatleg organisasjon særskilt vigd til havmodellering og prediksjon. Denne prosessen vart innleia på One Ocean Summit i Brest 9.-11. februar 2022, der president Emmanuel Macron var vert og statsminister Støre deltok. Etter invitasjon frå Frankrike underteikna seks europeiske statar (Frankrike, Italia, Noreg, Portugal, Spania og Storbritannia) ei erklæring om omgjerung av

Mercator Ocean International frå ei privatrettsleg stifting til ein mellomstatleg organisasjon. Noreg har forhandla med desse fem statane om utforminga av konvensjonen. Arbeidet har vore leia av det franske utanriksdepartementet.

Norske aktørar som vil ha mykje kontakt med den nye organisasjonen, har vorte løpande konsulterte (Havforskningsinstituttet, Nansensenteret, Meteorologisk institutt og Norsk polarinstitutt) og har vore med på møte i eigenskap av ekspertar.

Det er gjennomført seks forhandlingsrundar. Desse har gått på omgang mellom statane, og ein av dei vart halde i Bergen. Det har deretter vore gjennomført to høgnivåkonferansar, og det er halde to supplerande møte for å ferdigsstille dei siste spørsmåla i konvensjonsutkastet.

Konvensjonsteksten vart ferdigstilt på ein konferanse i Frankrike 23. april 2025.

Frankrike og Noreg underteikna konvensjonen 9. juni 2025, då Frankrike var vertskap for FN's tredje havkonferanse.

2.2 Nærare om dagens stifting og den nye mellomstatlege organisasjonen

Mercator Ocean International (heretter kalla Mercator) vart oppretta i 1995, og vart i 2014 omgjort til ei privatrettsleg stifting under fransk rett med sete i Toulouse i Frankrike. Mercator har i mange år levert satellittdata til norske kystmodellar. Dette i nært samarbeid med norske aktørar.

Mercator har utvikla komplekse havsimuleringssystem som er i stand til å beskrive, analysere og føreseie den fysiske og biogeokjemiske tilstanden til havet. Mercator fekk i 2014 i oppdrag av EU-kommisjonen å setje i verk ei europeisk havovervakingsteneste, Copernicus Marine Service (CMEMS), som del av det europeiske jordobservasjonsprogrammet. Mercator har frå 2009 hatt ansvar for forløparar til denne tenesta. Mercator er også delansvarleg for tilgjengeleggjering av europeiske miljødata. I 2017 vart det frå fransk side vedteke å styrke Mercator som europeisk aktør ved å invitere vitskaplege partnerinstitusjonar frå fem statar med i stiftinga. Frå Noreg deltek Nansen senter for miljø og fjernmåling (Nansensenteret) på vegner av senteret og tre andre norske institutt (Havforskningsinstituttet, Meteorologisk institutt og Norsk Polarinstitutt).

3 Dei viktigaste forhandlingsresultata

3.1 Generelt

Noreg fekk gjennomslag på sentrale område, mellom anna når det gjeld distribusjon av arbeidsoppgåver mellom statane (sjå pkt. 3.3). Konvensjonen har gitt eit godt resultat som kan sikre ein robust organisasjon for det mellomstatlege samarbeidet om havmodellering. Organisasjonen vil få eit breiare mandat som igjen gjer han enda betre posisjonert til å få oppgåver frå FN og EU. Organisasjonen er meint å bli utvida til alle europeiske statar. Likesinna havnasjonar på andre kontinent vil enten bli inviterte inn eller assosierte.

Noregs krav om å kunne gjere unntak for skattefritak for norske borgarar under visse tilhøve er tilfredsstillande innarbeidd i artikkel 16.3. i vedlegg IV.

3.2 Betydninga for forvaltinga av norske havområde

Noreg har over lengre tid prioritert ein infrastruktur for produksjon, forvalting og deling av havdata. Dette er ein føresetnad for å nå gjeldande klimamål, ivaretake ei berekraftig havforvalting, effektiv fiskeri- og havbruksforvalting og for å leggje til rette for berekraftig vekst i havnæringane. På same måte som for vêrdata må nasjonal innsats kombinerast med internasjonalt samarbeid. Noreg deltek i dag i dei fleste kjende samarbeida på feltet.

Noreg sin føresetnad om ansvar for Arktis og Nord-Atlanteren er innarbeidd i artikkel 5.1. om samarbeid, der det blir slått fast at Mercator i størst mogleg grad skal samarbeide med styresmaktene og nasjonale institusjonar i medlemsstatane sine, spesielt for aktivitetar knytte til kystsonene til medlemsstatane og tilstøytande regionale hav. Slikt samarbeid kan ha form av samarbeidsavtalar med medlemsstatane eller nasjonale institusjonar. Det blir foreslått at Noreg ved ratifikasjon av konvensjonen samtidig underteiknar utkast til samarbeidsavtale utarbeidd i nært samarbeid med dei fire institutta som i dag sørgjer for samarbeidet med stiftinga – Havforskningsinstituttet, Meteorologisk institutt, Nansen senter for miljø og fjernmåling og Norsk Polarinstitutt.

4 Nærare om dei enkelte artiklane i konvensjonen

Konvensjonsprotokollen og *fortalen* viser m.a. til viktigheita av havet, kor nødvendig det er med ei betre global havforvaltning og produksjon og tilgang til havdata for å realisere dette. Fortalen viser også til pliktene partane har når det gjeld Mercator Ocean International og Copernicus Marine Environment Monitoring Services, og pliktene dei har til vitskaplege prinsipp som er formulert av UNESCO osb. Fortalen legg opp til at organisasjonen i stor grad skal samarbeide med andre internasjonale organisasjonar, t.d. EU og FN-organisasjonar.

Artikkel 1 inneheld definisjonar av m.a. sentrale omgrep i havretten, kva som utgjer ein medlemsstat og kva som ligg i delegert oppgåve.

Artikkel 2 fastset at *Mercator internasjonale senter for havet* skal etablerast som ein mellomstatleg organisasjon etter folkeretten. I tråd med privilegia og immuniteten som blir fastsett i konvensjonen, skal nye Mercator erstatte den tidlegare stiftinga og gå inn i alle kontraktar og avtarar inngått av stiftinga, og overta eigedelane til stiftinga. Mercator skal vere eit eige rettssubjekt i kvar medlemsstat, og skal kunne inngå avtarar og kontraktar, gjere innkjøp og vere part i rettslege prosessar. Mercator skal vere eit folkerettssubjekt som skal kunne inngå avtarar med statar og internasjonale organisasjonar. Dei styrande organa i Mercator skal kunne få hjelp frå rådgjevande komitéar og generaldirektøren. Hovudkvarteret til Mercator skal ligge i Toulouse, Frankrike. Lokaliseringar for særskilde føremål kan leggjast til andre medlemsstatar. Engelsk og fransk skal vere dei offisielle språka til organisasjonen, men det blir opna for at rådet kan auke talet på språk.

Artikkel 3 fastset at føremålet til den internasjonale organisasjonen skal vere å utforme, utvikle og drifte digitale havsystem i verdsklasse, som omfattar marin fysikk, biogeokjemi og økosystem, og å tilby autoritative digitale havinformasjonstenester av generell interesse til medlemsstatar og internasjonal havforvaltning, inkludert operasjonelle havprognosetenester.

Artikkel 4 kneset ei rekkje mål og aktivitetar for organisasjonen. Organisasjonen skal gjennomføre forskning, utvikling, drift, tilgjengeleggjering og tenesteproduksjon basert på digitale havdata. Organisasjonen kan også gjennomføre andre aktivitetar enn dei som er oppgitte.

Artikkel 5 slår fast at organisasjonen skal samarbeide med nasjonale styresmakter i medlemsstatane og ei rekkje spesifiserte internasjonale og

europiske organisasjonar. Organisasjonen kan med godkjenning frå rådet inngå avgrensa samarbeidsavtarar med statar som ikkje er medlemsstatar, så lenge dei deler føremåla og prinsippa til organisasjonen.

Noreg sin føresetnad i forhandlingane om ansvar for Arktis og Nord-Atlanteren er innarbeidd i artikkel 5.1., der det heiter:

«Mercator International Centre for the Ocean skal for å oppnå føremålet sitt og for å nå måla sine, i størst mogleg grad samarbeide med regjeringane til medlemsstatane, nasjonale organ og kompetansesentera, særleg når det gjeld aktiviteter knytte til kystsonene til medlemsstatane og tilstøytande regionale havområde. Slikt samarbeid kan ha form av samarbeidsavtarar med medlemsstatar eller nasjonale organ og nasjonale kompetansesenter.»

Artikkel 6 definerer rådet som Mercator sitt øvste organ. Kvar medlemsstat skal ha to representantar kvar, éin med stemmerett. Artikkelen definerer også tilhøvet rådet har til administrasjonen, prosedyre for val av leiar og møtefrekvens.

Artikkel 7 krev m.a. at 2/3 av medlemsstatane må vere representerte for at rådet skal vere vedtaksført. Kvar stat skal ha éi stemme og staten *kan* miste stemmeretten dersom kontingent ikkje er betalt.

Artikkel 8 definerer kva avgjerder i rådet som krev samrøystes avgjerd: avgjerd om tiltreding av nye medlemsstatar, fastsetjing av vilkåra for assosierte medlemskap, godkjenne avtarar med ikkje-medlemsstatar, vedta oppseiing eller ekskludering, oppløysing, flytting av hovudkvarter osb. Artikkelen definerer til sist kva saker som kan avgjerast med simpelt fleirtal, dvs. som ikkje krev samrøystes vedtak eller to-tredels fleirtal, men spesifiserer også m.a. godkjenning av tilsetjingar og oppseiingar og skiping av rådgivande grupper. Arbeidsspråk er definert som engelsk og fransk, men dette kan utvidast ved eit samrøystes vedtak.

Artikkel 9 fastset samansetjinga av den vitenskaplege komiteen, og reglar for oppnemning, attval og fornying.

Artikkel 10 spesifiserer funksjonen til den rådgjevande komiteen, og spesifiserer at rådet kan etablere ein separat finanskomite dersom det ønskjer det.

Artikkel 11 spesifiserer pliktene og myndighetene til generaldirektøren.

Artikkel 12 slår fast m.a. at rådet skal fastsetje eit eige regelverk for tilsette i organisasjonen,

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon om skiping av ein mellomstatleg organisasjon for utvikling og utnytting av digitale havsystem og informasjonstenester (Mercator internasjonale senter for havet) av 23. april 2025

som m.a. regulerer tilsetjing, oppseing og konflikthandtering. Artikkelen fastset også moglegheit for utsendte tilsette frå medlemsstatane, og slår fast at arbeidsstyrken skal reflektere den internasjonale karakteren til organisasjonen.

Artikkel 13 slår fast at det kvart femte år skal utarbeidast eit forslag til langtidsstrategi for Mercator på ti år, som skal vedtakast av rådet.

Artikkel 14 om finansieringsprinsipp og økonomiske bidrag frå medlemsstatane seier at utgiftene skal samsvare med inntektene og at medlemsstatane skal bidra med ei årleg kvote.

Organisasjonen skal finansierast av ein kombinasjon av eksterne delegasjonar og oppdrag (primært frå EU og IOC/UNESCO) og kvoter frå medlemsstatane. Dei skal utgjere høvesvis ca. 90 % og 10 % av budsjettet til organisasjonen.

Kvar medlemsstat skal betale Mercator eit årleg økonomisk bidrag i euro. Kvoten til medlemsstatane skal utgjere omlag totalt 6 millionar euro, for eit samla budsjett rekna til 60 millionar euro.

Det økonomiske bidraget frå ein medlemsstat skal reknast på grunnlag av statens gjennomsnittlege bruttonasjonalinntekt (BNI) for dei siste tre åra det er statistikk tilgjengeleg for. Dette er standardmodellen som blir brukt for andre europeiske organisasjonar. Det er også vanleg globalt. Dette betyr at Noreg får tildelt ein andel på 2,47 % av den totale prosentdelen av dei 31 rettmessige statane, ifølgje den siste FN-datastatistikken tilsvarende perioden 2021-2023.

Samtidig er det ikkje realistisk for alle Copernicus-statar å ratifisere konvensjonen med ein gong. Difor fastset konvensjonen at det er ein føresetnad for ikraftsetjing at minimum åtte statar som til saman utgjer 50 % av den totale kvoten, har undertekna. I dette tilfellet blir totalkvoten fordelt mellom statane som har ratifisert ved ikraftsetjing. Den norske kvoten, når denne 50 %-grensa er nådd, kan maksimalt utgjere 296 500 euro (dvs. 3,433 mill. kroner med ein valutakurs på 11,58).

Artikkel 15 fastset reglar om budsjettet som skal etablerast i euro, rekneskapsår, budsjetttrutar, budsjettår og kva forhold som skal fastsetjast i økonomiregelverket til organisasjonen. Rådet skal vedta budsjettet til organisasjonen. Dei finansielle bidraga frå medlemsstatane skal følgje av artikkel 8.2. j) og 8.3. d).

Artikkel 16 fastset at alle kontoar og utgifter skal vere underlagt ekstern revisjon.

Artikkel 17 om intellektuell eigedomsrett og regelverk for dataprogram, data og informasjon, slår fast at Mercator skal behalde alle rettar, og at

data og informasjonstenester skal følgje Fair-prinsippa for datautveksling. Det vil seie at dataa skal vere moglege å finne igjen, tilgjengelege, samhandlande og gjenbrukbare. Alle medlemsstatar skal ha gratis og ikkje-eksklusiv tilgang til å bruke programvara.

Artikkel 18 ekskluderer ansvar for organisasjonen eller for medlemsstatane for bruk av eller forstyrningar i dei digitale havtenestene som konvensjonen gir opphav til.

Artikkel 19 fastset at Mercator som organisasjon og dei tilsette skal ha privilegium og immunitet på territoriet til medlemsstaten, som er nødvendige for utøvinga av funksjonen deira. Privilegia og immuniteten skal detaljert fastsetjast i protokollen om privilegium og immunitet for Mercator. Denne skal ratifiserast, godtakast eller godkjennast av medlemsstatane. Det skal inngåast ein eigen vertsstatsavtale mellom Mercator og Frankrike.

Artikkel 20 spesifiserer at tvistar mellom medlemsstatane og organisasjonen om gjennomføringa av konvensjonen i første omgang skal handterast av rådet. Dersom konflikten ikkje kan løysast, skal han leggjast fram for eit skiltsdomstribunal. Artikkelen spesifiserer samansetjinga av skiltsdomstribunalet og fordelinga av kostnader knytte til dette.

Artikkel 21 fastset at konvensjonen skal opnast for undertekning for dei statane som er lista opp i vedlegg I.

Artikkel 22 seier at konvensjonen skal tre i kraft den første dagen i den andre månaden etter datoen for ratifikasjon, godtaking eller godkjenning av ikkje mindre enn ein firedel av statane oppført i vedlegg I, inkludert Frankrike, føresett at dei totale økonomiske bidraga frå desse statane utgjer minst femti prosent av dei totale bidraga i vedlegg II. For alle andre signatarstatar skal konvensjonen tre i kraft den første dagen i den andre månaden etter datoen for deponeringa av statens ratifikasjons-, godtakings- eller godkjenningsdokument. Dersom konvensjonen ikkje har tredd i kraft innan to år, skal det haldast ein konferanse om dette.

Artikkel 23 spesifiserer at etter ikraftsetjing kan andre statar tiltre konvensjonen etter samtykke frå rådet.

Artikkel 24 spesifiserer særskilde forhold for det første budsjettåret, m.a. at det første budsjettåret startar frå konvensjonen har tredd i kraft til 31. desember same år, dersom ikraftsetjinga er første halvår, og året etter viss ikraftsetjinga er i andre halvår. Artikkelen spesifiserer også at dei opphavlege stiftingseigarane skal kjøpast ut i tråd med opphavleg fordelingsnøkkel.

Artikkel 25 angir prosedyre for å endre konvensjonen.

Artikkel 26 regulerer oppseiing av konvensjonen. Alle statar kan seie opp konvensjonen, etter at han har vore i kraft i fire år, ved melding til depositaren. Det blir fastsett reglar for korleis bidraget skal betalast ved ei eventuell oppseiing.

Artikkel 27 fastset prosedyre ved misleghald av plikter og sanksjonar frå tap av stemmerett til eksklusjon.

Artikkel 28 inneheld prosedyre for oppløysing av organisasjonen.

Artikkel 29 regulerer kven som skal vere depositar for konvensjonen og depositaren sine oppgåver.

Artikkel 30 fastset at konvensjonen skal FN-registrerast.

5 Vedlegg I Liste over statar som kan underteikne konvensjonen

Lista over statar som er invitert til å underteikne konvensjonen fell saman med europeiske statar som er medlemmer av Copernicus.

6 Vedlegg II Førebels skala for finansielle bidrag for gjennomføring av artikkel 22.1

Organisasjonen skal finansierast med ein kombinasjon av eksterne oppdrag (primært frå EU og IOC/UNESCO) og kontingent frå medlemsstatane.

Kvar medlemsstat skal betale eit årleg økonomisk bidrag i euro til Mercator International Centre for the Ocean.

Dei økonomiske bidraga frå ein medlemsstat skal reknast på grunnlag av staten si gjennomsnittlege bruttonasjonalinntekt (BNI) for dei tre siste åra det er statistikk tilgjengeleg for.

7 Vedlegg III Liste over statar og finansielle bidrag for gjennomføring av artikkel 24.4

Vedlegg III spesifiserer fordelinga av kostnader ved oppstart til innløyasing av dei noverande aksjonærane i stiftinga. Fordelinga følgjer opphavleg aksjeandel. Den samla summen for dette er 4,8 mill. euro. Noreg blir tillagt 5 pst. eller 0,24 mill. euro (dvs. 2,77 millionar kroner med kurs 11,58).

8 Vedlegg IV Protokoll om privilegium og immunitet for Mercator internasjonale senter for havet

Privilegium og immunitet blir gitt den internasjonale organisasjonen for å sikre at organisasjonen kan utføre oppgåvene sine på ein uavhengig måte. Føresegnene er i tråd med vanleg praksis. Noregs krav om å ha høve til å gjere unntak for skattefritak for norske borgarar under visse tilhøve er tilfredsstillande innarbeidd i artikkel 16.3. i vedlegg IV.

9 Økonomiske og administrative konsekvensar

Det økonomiske bidraget frå ein medlemsstat skal reknast på grunnlag av staten si gjennomsnittlege bruttonasjonalinntekt (BNI) for dei siste tre åra som det er statistikk tilgjengeleg for. Dette er standardmodellen som blir brukt for andre europeiske organisasjonar. Det er også vanleg globalt. Dette betyr at Noreg får tildelt ein andel på 2,47 pst. av den totale prosentdelen av dei 31 rettmessige statane, ifølgje den siste FN-datastatistikken tilsvarende perioden 2021-2023. Samtidig er det ikkje realistisk for alle Copernicus-land å ratifisere konvensjonen med éin gong. Derfor fastset konvensjonen at det er ein føresetnad for ikraftsetjing at minimum åtte statar har underteikna. I dette tilfellet blir totalkvoten fordelt mellom statane som har ratifisert ved ikraftsetjing. Den norske kvoten kan i dette høvet maksimalt utgjere 296 500 euro (dvs. 3,433 millionar norske kroner med ein valutakurs på 11,58). Det vil sannsynlegvis ta noko tid før konvensjonen trer i kraft. Mest sannsynleg vil første året med ordinær kontingent bli 2027, medan oppstartskostnaden kjem i 2026. Både framdrift og budsjettverknad er usikker. Anslaga er maksimalbeløp.

10 Konklusjon og tilråding

Ei omgjerding av Mercator til ein mellomstatleg organisasjon styrkjer etter alt å dømme organisasjonen si evne til å levere relevante havdata. Dette vil også kome kunnskapsgrunnlaget for norske havområde til gode. Organisasjonen vil få eit breiare mandat, som igjen gjer han betre posisjonert til å få oppgåver frå FN og EU.

Skipinga av ein internasjonal organisasjon for havobservasjon og modellering gir etter alt å dømme samfunnøkonomiske gevinstar ved at presis

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon om skiping av ein mellomstatleg organisasjon for utvikling og utnytting av digitale havsystem og informasjonstenester (Mercator internasjonale senter for havet) av 23. april 2025

rettidig prediksjon blir tilgjengeleg for norske farvatn på ein raskere og rimelegare måte enn ved berre nasjonal produksjon.

Sidan konvensjonen med tilhøyrande vedlegg inneber budsjettvedtak og må reknast for å vera ei sak som er særleg viktig, er Stortingets samtykke til ratifikasjon nødvendig i samsvar med Grunnlova § 26 andre ledd.

Nærings- og fiskeridepartementet og Klima- og miljødepartementet tilrår ratifikasjon av konvensjonen. Utanriksdepartementet sluttar seg til dette.

Utanriksdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om samtykke til ratifikasjon av konvensjon om skiping av ein mellomstatleg organisasjon for utvikling og utnytting av digitale havsystem og informasjonstenester (Mercator internasjonale senter for havet) av 23. april 2025.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om samtykke til ratifikasjon av konvensjon om skiping av ein mellomstatleg organisasjon for utvikling og utnytting av digitale havsystem og informasjonstenester (Mercator internasjonale senter for havet) av 23. april 2025 i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om samtykke til ratifikasjon av konvensjon om skiping av ein mellomstatleg organisasjon for utvikling og utnytting av digitale havsystem og informasjonstenester (Mercator internasjonale senter for havet) av 23. april 2025

I

Stortinget samtykker i ratifikasjon av konvensjon om skiping av ein mellomstatleg organisasjon for utvikling og utnytting av digitale havsystem og informasjonstenester (Mercator internasjonale senter for havet) av 23. april 2025.

Vedlegg 1

Convention on the Establishment of an Intergovernmental Organisation for the Development and Exploitation of Digital Ocean Systems and Information Services (Mercator International Centre for the Ocean)

Preamble

The States Parties to this Convention:

AWARE of the role of the ocean in the global climatic, environmental social and economic balance and of the need for the international community to strengthen and enhance cooperation, coordination and collective work for developing a sustainable ocean economy, which preserves the biodiversity, resources and ecosystem services of the ocean, mitigates climate change and adapts to its inevitable impacts;

RECOGNIZING the universal and unified character of the United Nations Convention on the Law of the Sea (UNCLOS), and that the Convention sets out the legal framework within which all activities in the oceans and seas must be carried out and is of strategic importance as the basis for national, regional and global action and cooperation in the marine sector;

WISHING to base the protection and preservation of the High Seas and European and national strategies for regional seas and marine areas within national jurisdiction on scientifically qualified and reliable digital information services on the state of the marine environment, marine living resources and the impact of human activities;

AWARE that advancing the understanding of the ocean and its interactions with human activity, and the development of digital ocean information services, requires an international, sustained and focused research and development effort;

Konvensjon om skiping av ein mellomstatleg organisasjon for utvikling og utnytting av digitale havsystem og informasjonstenester (Mercator internasjonale senter for havet)

Fortale

Statane som er partar i denne konvensjonen:

SOM ER KLAR OVER rolla til havet i den globale klimatiske, miljømessige, sosiale og økonomiske balansen og behovet for at det internasjonale samfunnet styrkjer og betrar samarbeidet, koordineringa og det kollektive arbeidet for å utvikle ein berekraftig havøkonomi som bevarer det biologiske mangfaldet, ressursane og økosystemtenestene i havet, dempar klimaendringane og tilpassar seg dei uunngåelege verknadene;

SOM ERKJENNER at Dei sameinte nasjonane havrettskonvensjon (UNCLOS) er universell og einskapleg, og at konvensjonen fastset dei rettslege rammene all verksemd i havet må utførast innanfor, og at han er av strategisk betydning som grunnlag for nasjonale, regionale og globale tiltak og samarbeid i den marine sektoren;

SOM ØNSKJER å basere vern og bevaring av det opne havet og europeiske og nasjonale strategiar for regionale hav og havområde innanfor nasjonal jurisdiksjon på vitskapleg kvalifiserte og pålitelege digitale informasjonstenester om tilstanden til det marine miljøet, marine levande ressursar og verknaden av menneskelege aktivitetar;

SOM ER KLAR OVER at det å fremje forståinga av havet og dets samspel med menneskeleg aktivitet, og utviklinga av digitale havinformasjonstenester, krev ein internasjonal, vedvarande og fokusert forskings- og utviklingsinnsats;

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon om skiping av ein mellomstatleg organisasjon for utvikling og utnytting av digitale havsystem og informasjonstenester (Mercator internasjonale senter for havet) av 23. april 2025

ACKNOWLEDGING that the substantial investments made in the société civile Mercator Ocean since its creation have established a specialized research capacity and a world-class global ocean forecast system involving a European network of oceanographic Competence Centres and enabled the delivery of a portfolio of Digital Ocean Information Services, including the multi-scale, multi-basin Copernicus Marine Environment Monitoring Service by delegation from the European Union;

WISHING to capitalise on the continued integration of their distributed assets and on the success in the delivery of the Copernicus Marine Environment Monitoring Service to ensure continuity and expand the scope of Digital Ocean Information Services and establish a European Digital Twin of the Ocean to inform ocean governance and policies;

SHARING the values and principles of open science and the rights and responsibilities of scientific researchers recommended at the international level by the United Nations Educational, Scientific and Cultural Organization (UNESCO), through its Recommendations on Science and Scientific Researchers and on Open Science, including the principles for Findable, Accessible, Interoperable and Reusable data;

WISHING to pool knowledge, technical expertise and resources, including those of national oceanographic organisations, for conducting targeted joint research and developing, improving and expanding in scope free and open Digital Ocean Information Services and Digital Twins of the Ocean and parts thereof;

WISHING to create a world leader in Digital Ocean Information Services and thus realize the ambition of the Brest Declaration published on 10 February 2022 during the One Ocean Summit;

WISHING to promote the use of Digital Ocean Information Services in the framework of the United Nations and other global, regional and sub-regional entities and institutions and across the ocean economy;

CONVINCED that an intergovernmental organisation is the most appropriate framework for achieving this objective in cooperation with States and other intergovernmental organisations adhering to their shared values and policy principles, including the European Union and the United Nations, and with national, regional and global oceanographic institutions;

HAVE AGREED AS FOLLOWS:

SOM ERKJENNER at dei store investeringane som er gjorde i société civile Mercator Ocean sidan skipinga, har etablert ein spesialisert forskingskapasitet og eit globalt havvarslingssystem i verdsklasse som involverer eit europeisk nettverk av oseanografiske kompetansesenter og har mogleggjord levering av ein portefølje av digitale havinformasjonstenester, inkludert Copernicus Marine Environment Monitoring Service i fleire område i fleire havbasseng ved delegasjon frå Den europeiske unionen;

SOM ØNSKJER å utnytte den vedhaldande integreringa av deira distribuerte eigedelar og på suksessen med å levere Copernicus si teneste for overvaking av det marine miljøet for å sikre kontinuitet og utvide omfanget av digitale havinformasjonstenester og etablere ein europeisk digital tvilling av havet for å informere om havforvaltning og -politikk;

SOM DELER verdiane og prinsippa for open vitskap og vitskaplege forskarars rettar og plikter tilrådd på internasjonalt plan av FNs organisasjon for utdanning, vitskap og kultur (UNESCO) gjennom dennes tilrådingar om vitskap og vitskaplege forskarar og om open vitskap, under prinsippa for søkbare, tilgjengelege, interoperable og gjenbrukbare data;

SOM ØNSKJER å samle kunnskap, teknisk ekspertise og ressursar, inkludert frå nasjonale oseanografiske organisasjonar, for å drive målretta felles forskning og utvikle, forbetre og utvide omfanget av gratis og opne digitale havinformasjonstenester og digitale tvillingar av havet og delar av desse;

SOM ØNSKJER å skape ein verd sleiar innan digitale havinformasjonstenester for å dermed realisere ambisjonen i Brest-erklæringa som vart publisert 10. februar 2022 under One Ocean Summit;

SOM ØNSKJER å fremje bruken av digitale havinformasjonstenester innanfor ramma av FN og andre globale, regionale og subregionale einingar og institusjonar og på tvers av havøkonomien;

SOM ER OVERTYDD OM at ein mellomstatleg organisasjon er den mest formålstenlege ramma for å nå dette målet i samarbeid med statar og andre mellomstatlege organisasjonar som sluttar seg til deira felles verdiar og politiske prinsipp, inkludert Den europeiske unionen og Dei sameinte nasjonane, og med nasjonale, regionale og globale oseanografiske institusjonar;

HAR VORTE SAMDE OM FØLGJANDE:

Article 1

Definitions

For the purpose of this Convention, the following definitions shall apply:

- a) “High Seas” are as defined by the United Nations Convention on the Law of the Sea (UNCLOS);
- b) A “Digital Ocean System” integrates computer systems, software, information, knowledge and procedures that can be exploited to deliver Digital Ocean Information Services. This includes an ocean prediction system capable of ingesting ocean observations and marine data from various sources;
- c) A “Digital Twin of the Ocean” is an open digital framework or platform hosting a Digital Ocean System built around a high-resolution ocean prediction system and connected to a comprehensive data and information environment including socio-economic and marine resource data and information, and to computing power and Artificial Intelligence tools, which enables users to simulate and assess the environmental and socio-economic impacts of current and possible future human activities or policies;
- d) A “Digital Ocean Information Service” is the delivery of validated digital information on the past, current and predicted state of the ocean produced by a Digital Ocean System or a Digital Twin of the Ocean and fulfilling agreed user requirements and specifications;
- e) “Competence Centres” are entities outside Mercator International Centre for the Ocean which contribute to its scientific and technical activities through cooperation agreements, arrangements or contracts with Mercator International Centre for the Ocean;
- f) An “Associate Member State” is a non-Member State that has concluded an Associate Membership Agreement with Mercator International Centre for the Ocean, in accordance with Article 5;
- g) A “Delegating Entity” is an intergovernmental organisation delegating to Mercator International Centre for the Ocean its responsibility to execute a programme of activities and the associated budget, in compliance with its own rules and governance requirements;
- h) “Delegated Activities” refers to the agreed programme of activities to be executed by Mercator International Centre for the Ocean on behalf a Delegating Entity;

Artikkel 1

Definisjonar

I denne konvensjonen gjeld følgjande definisjonar:

- a) «Ope hav» er som definert av FNs havrettskonvensjon (UNCLOS);
- b) Eit «digitalt havsystem» omfattar datasystem, programvare, informasjon, kunnskap og prosedyrar som kan utnyttast til å levere digitale havinformasjonstenester. Dette inkluderer eit havprediksjonssystem som er i stand til å ta inn havobservasjonar og marine data frå ulike kjelder;
- c) Ein «digital tvilling for havet» er eit ope digitalt rammeverk eller plattform som er vert for eit digitalt havsystem bygd rundt eit høgoppløyselig havprediksjonssystem og kopla til eit omfattande data- og informasjonsmiljø, inkludert sosioøkonomiske og marine ressursdata og informasjon, og til datakraft og kunstig intelligens-verktøy, som gjer det mogleg for brukarar å simulere og vurdere dei miljømessige og sosioøkonomiske konsekvensane av noverande og moglege framtidige menneskelege aktivitetar eller politikk;
- d) Ein «digital havinformasjonsteneste» er levering av validert digital informasjon om havets fortidige, noverande og føresagde tilstand produsert av eit digitalt havsystem eller ein digital tvilling av havet og som oppfyller avtalte brukarkrav og spesifikasjonar;
- e) «Kompetansesenter» er einingar utanfor Mercator internasjonale senter for havet som bidreg til dets vitskaplege og tekniske aktivitetar gjennom samarbeidsavtalar, ordningar eller kontraktar med Mercator internasjonale senter for havet;
- f) Ein «assosiert medlemsstat» er ein ikkje-medlemsstat som har inngått ein assosiert medlemskapsavtale med Mercator internasjonale senter for havet, i samsvar med artikkel 5;
- g) Ei «delegerande eining» er ein mellomstatleg organisasjon som delegerer til Mercator internasjonale senter for havet ansvaret sitt for å gjennomføre eit aktivitetsprogram og tilhøyrande budsjett, i samsvar med sine egne reglar og styringskrav;
- h) «Delegerte aktivitetar» refererer til det avtalte aktivitetsprogrammet som skal utførast av Mercator internasjonale senter for havet på vegner av ei delegerande eining;

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon om skiping av ein mellomstatleg organisasjon for utvikling og utnytting av digitale havsystem og informasjonstenester (Mercator internasjonale senter for havet) av 23. april 2025

- i) A “Delegation Agreement” between Mercator International Centre for the Ocean and a Delegating Entity documents the scope of the Delegated Activities, the delegated budget and the rules and governance requirements applicable to their execution by Mercator International Centre for the Ocean;
 - j) “Annexes” to this Convention detail the provisions of some of its Articles. From a legal standpoint, Annexes constitute an integral part of this Convention.
- i) Ein «delegeringsavtale» mellom Mercator internasjonale senter for havet og ei delegerande eining dokumenterer omfanget av dei delegerte aktivitetane, det delegerte budsjettet og reglane og styringskrava som gjeld for utføringa av dei av Mercator internasjonale senter for havet;
 - j) «Vedlegg» til denne konvensjonen beskriv føresegnene i nokre av konvensjonens artiklar. Frå eit juridisk synspunkt utgjer vedlegg ein integrert del av denne konvensjonen.

Article 2

Establishment of Mercator International Centre for the Ocean

1. An intergovernmental organisation for the development and exploitation of Digital Ocean Systems and Information Services and contributions to a Digital Twin of the Ocean, hereinafter referred to as Mercator International Centre for the Ocean, is hereby established.
2. Subject to the privileges and immunities granted by this Convention, in order for Mercator International Centre for the Ocean to perform its duties and to act in lieu of the société civile Mercator Ocean (SIRET 52 29 11 57 70 00 24), the entire activity of the société civile Mercator Ocean including all assets, contracts and agreements and the related rights and obligations shall be transferred in full ownership to Mercator International Centre for the Ocean pursuant to a sale agreement to be entered into by the société civile Mercator Ocean and Mercator International Centre for the Ocean in accordance with Article 24.
3. The Member States of Mercator International Centre for the Ocean shall be those States that have become Parties to this Convention, in accordance with the provisions of Articles 21 and 23.
4. Mercator International Centre for the Ocean shall have international legal personality. It shall in particular have the capacity to:
 - a) conclude international agreements with States and intergovernmental organisations;
 - b) contract and cooperate with any legal entity;
 - c) acquire and dispose of movable and immovable property;
 - d) be party to legal proceedings.
5. The organs of Mercator International Centre for the Ocean shall be the Council, assisted by

Artikkel 2

Etablering av Mercator internasjonale senter for havet

1. Det blir hermed oppretta ein mellomstatleg organisasjon for utvikling og utnytting av digitale havsystem og informasjonstenester og bidrag til ein digital tvilling av havet, heretter kalla Mercator internasjonale senter for havet.
2. Med atterhald om dei privilegia og immunitetane som blir gitt i samsvar med denne konvensjonen, skal heile aktiviteten til Mercator internasjonale senter for havet, inkludert alle eigedelar, kontraktar og avtalar og dei tilknytte rettane og pliktene, bli overførte i full eigarskap til Mercator internasjonale senter for havet, for at Mercator internasjonale senter for havet skal kunne utføre oppgåvene sine og opptre i staden for société civile Mercator Ocean (SIRET 52 29 11 57 70 00 24), i samsvar med ein salsavtale som skal inngåast mellom société civile Mercator Ocean og Mercator internasjonale senter for havet i samsvar med artikkel 24.
3. Medlemsstatane i Mercator internasjonale senter for havet skal vere dei statane som har vorte partar i denne konvensjonen i samsvar med føresegnene i artiklane 21 og 23.
4. Mercator internasjonale senter for havet skal ha status som internasjonal juridisk person. Den skal særleg ha kapasitet til å:
 - a) inngå internasjonale avtalar med statar og mellomstatlege organisasjonar;
 - b) inngå kontrakt og samarbeide med alle juridiske einingar;
 - c) erverve og avhende lausøyre og fast eigedom;
 - d) vere part i rettssaker.
5. Organa til Mercator internasjonale senter for havet skal vere rådet, hjulpet av rådgivande

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon om skiping av ein mellomstatleg organisasjon for utvikling og utnytting av digitale havsystem og informasjonstenester (Mercator internasjonale senter for havet) av 23. april 2025

Advisory Committees introduced in Article 9 and Article 10 and other advisory committees the Council may decide to establish, in accordance with Article 8.5 b), and the Director-General.

6. The Headquarters of Mercator International Centre for the Ocean shall be located in Toulouse, France unless otherwise decided by the Council acting in accordance with Article 8.2 h).
7. Without prejudice to the role of the Headquarters of Mercator International Centre for the Ocean as a lead scientific and technical centre, the Council, acting in accordance with Article 8.3 e) may decide on the establishment of additional premises of Mercator International Centre for the Ocean in the territory of a Member State other than the Member State hosting the Headquarters, for a specific purpose.
8. The official languages of Mercator International Centre for the Ocean shall be English and French.
9. The Council, acting in accordance with Article 8.2 i), may adopt additional official languages.

Article 3

Purpose

The purpose of Mercator International Centre for the Ocean shall be, based on research, to design, develop and operate world-class Digital Ocean Systems and contributions to a Digital Twin of the Ocean encompassing marine physics, biogeochemistry and ecosystem sciences and to provide authoritative Digital Ocean Information Services, including operational ocean forecast services, to Member States and international ocean governance.

Article 4

Objectives and activities

1. The objectives and activities of Mercator International Centre for the Ocean shall be to:
 - a) promote research and innovation in the field of the digital ocean within the Member States and on global and regional scales;
 - b) assess scientific, technical and interoperability standards for the development of operational Digital Ocean Systems and promote the application of the best available standards;
 - c) conduct a scientific research programme supporting the development of operational

komitéar som er oppretta i artikkel 9 og artikkel 10 og andre rådgivande komitéar som rådet kan vedta å opprette, i samsvar med artikkel 8.5 b), og generaldirektøren.

6. Hovudkvarteret til Mercator internasjonale senter for havet skal liggje i Toulouse i Frankrike, med mindre anna blir vedteke av rådet i samsvar med artikkel 8.2 h).
7. Utan at det har verknad for den rolla som hovudkvarteret til Mercator internasjonale senter for havet har som eit leiande vitskapleg og teknisk senter, kan rådet, i samsvar med artikkel 8.3 e), vedta å opprette fleire lokale for Mercator internasjonale senter for havet på territoriet til ein annan medlemsstat enn den medlemsstaten som husar hovudkvarteret, for eit visst formål.
8. Dei offisielle språka til Mercator internasjonale senter for havet skal vere engelsk og fransk.
9. Rådet kan i samsvar med artikkel 8.2 i) vedta ytterlegare offisielle språk.

Artikkel 3

Formål

Formålet med Mercator internasjonale senter for havet skal, basert på forskning, vere å utforme, utvikle og drive digitale havsystem i verdsklasse og bidra til ein digital tvilling av havet som omfattar marin fysikk, biogeokjemi og økosystemvitskap og å tilby autoritative digitale havinformasjonstenester, inkludert operative havvarslingsstenester, til medlemsstatar og internasjonal havforvaltning.

Artikkel 4

Mål og aktiviteter

1. Måla og aktivitetane til Mercator internasjonale senter for havet skal vere å:
 - a) fremje forskning og innovasjon innan det digitale havet i medlemsstatane og på global og regional skala;
 - b) vurdere vitskaplege og tekniske standardar og interoperabilitetsstandardar for utvikling av operative digitale havsystem og fremje bruken av dei beste tilgjengelege standardane;
 - c) gjennomføre eit vitskapleg forskingsprogram som støttar utviklinga av operative

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon om skiping av ein mellomstatleg organisasjon for utvikling og utnytting av digitale havsystem og informasjonstenester (Mercator internasjonale senter for havet) av 23. april 2025

- Digital Ocean Systems and provide a coordination capacity for this type of research;
- d) provide Member States with a common collaborative platform for the development of Digital Ocean Systems, Digital Ocean Information Services and their operational applications at global, regional and local scales, building on results of research;
 - e) develop or co-develop and maintain numerical and data-driven tools for operational oceanography (models, data assimilation, analysis, coupling, data and information assemblies and archives, data access portals, digital platforms) fulfilling the needs of Member States, make them available to and facilitate their use by Member States;
 - f) design, develop or co-develop and maintain a Digital Ocean System for the global ocean and regional seas, including an operational, world-class ocean forecasting system integrating in situ and space-based observations with other digital information and advanced models that fulfils the needs of its Member States, taking into account the needs of the continued development of the Copernicus Marine Environment Monitoring Service and other initiatives;
 - g) exploit this Digital Ocean System to produce and make available operational, scientifically qualified and authoritative Digital Ocean Information Services on the state of the global ocean, regional seas and the marine environment from the open ocean to the coast, including forecasts, indicators and assessments of the impacts of human activities;
 - h) support the definition, design and optimisation of space-based and in situ ocean observation systems through forecast skill and other impact assessment studies based on the exploitation of Digital Ocean Systems;
 - i) tailor or expand numerical and data-driven tools and operational Digital Ocean Information Services and ensure continuity of existing services as required, in support of the official duties and policy priorities of Member States in the field of operational oceanography;
 - j) design, develop and operate a Digital Twin of the Ocean including capacity to integrate Digital Twins of regional seas and other Digital Twin components developed in Member States, taking into accounts in par-
- digitale havsystem og gi koordineringskapasitet for denne typen forskning;
- d) gi medlemsstatane ei felles samarbeidsplattform for utvikling av digitale havsystem, digitale havinformasjonstenester og dei operasjonelle applikasjonane deira på global, regional og lokal skala, basert på forskingsresultat;
 - e) utvikle eller samutvikle og halde ved like numeriske og datadrivne verktøy for operativ oseanografi (modellar, dataassimilering, analyse, kopling, data- og informasjonssamlingar og arkiv, datatilgangsportalar, digitale plattformer) som oppfyller behovet til medlemsstatane, gjere dei tilgjengelege for og lette bruken av dei i medlemsstatane;
 - f) forme ut, utvikle eller samutvikle og halde ved like eit digitalt havsystem for dei globale havområda og regionale havområde, inkludert eit operativt havvarslingsystem i verdsklasse som innpassar in situ- og rombaserte observasjonar med annan digital informasjon og avanserte modellar som oppfyller behovet til medlemsstatane, idet det blir teke omsyn til behova for den vedhaldande utviklinga av Copernicus si havmiljøovervakingsteneste og andre initiativ,
 - g) utnytte dette digitale havsystemet til å produsere og tilgjengeleggjere operasjonelle, vitskapleg kvalifiserte og autoritative digitale havinformasjonstenester om tilstanden til det globale havet, regionale hav og det marine miljøet frå ope hav til kysten, inkludert prognosar, indikatorar og vurderingar av verknadene av menneskelege aktivitetar;
 - h) støtte definisjonen av, utforming og optimalisering av rombaserte og in situ havobservasjonssystem gjennom prognoseferdigheter og andre konsekvensvurderingsstudiar baserte på utnytting av digitale havsystem;
 - i) skreddarsy eller utvide numeriske og datadrivne verktøy og operative digitale havinformasjonstenester og sikre kontinuitet i eksisterande tenester etter behov, til støtte for medlemsstatane sine offisielle plikter og politiske prioriteringar innan operativ oseanografi;
 - j) utforme, utvikle og drive ein digital tvilling av havet, inkludert kapasitet til å innlemme digitale tvillingar av regionale havområde og andre digitale tvillingkomponentar utvikla i medlemsstatane, idet det særleg blir

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon om skiping av ein mellomstatleg organisasjon for utvikling og utnytting av digitale havsystem og informasjonstenester (Mercator internasjonale senter for havet) av 23. april 2025

- particular the needs of Member States, the European Union and the United Nations;
- k) make available to Member States the delivered Digital Ocean Information Services, including Digital Twin of the Ocean services, and ensure their integrity as well as their relevance to major environmental, climate and societal issues, and to support international ocean governance, in particular in Europe, and the national strategies for regional seas and marine areas within national jurisdiction;
 - l) with the support of United Nations agencies and other international partners and sponsors, deliver an outreach, training and capacity building programme to promote and expand the use of Digital Ocean Systems and Digital Ocean Information Services worldwide and to support tailoring of systems and services as agreed with beneficiary States;
the scale of financial contributions shall be modified by the Council according to the basis for calculation laid down in paragraph 3 above. The new scale shall take effect when the State concerned becomes a Party to this Convention.

7. If, after the entry into force of this Convention, a State ceases to be a Party to this Convention, the scale of financial contributions shall be modified by the Council according to the basis for calculation laid down in paragraph 3 above. The new scale shall take effect when the State concerned ceases to be a Party to this Convention.

Article 15

Budget

1. The budget of Mercator International Centre for the Ocean shall be established in Euros.
2. The financial year shall run from 1 January to 31 December of each year.
3. The budget shall be drawn up for each financial year before the beginning of that year, under the conditions laid down in the Financial Regulations.

In the first five full financial years, the financial contributions of the Member States determined in the budget, after deduction of any additional contributions accepted by the Council acting in accordance with Article 14.4, shall be kept withing the ceiling of contributions agreed by Council in accordance with Article 8.2 j).

The revenue and expenditure shown in the budget shall be in balance.

The expenditure shall be met from the financial contributions of the Member States and any other revenue, including funding from Delegating Entities for Delegated Activities.

4. The Council, acting in accordance with Article 8.3 d), shall adopt the budget for each financial year including the staff requirements and overall estimates of expenditure and revenue planned in the next two years, as well as any supplementary and amending budgets.
5. The adoption of the budget by the Council shall:
 - a) oblige each Member State to make available to Mercator International Centre for the Ocean the financial contributions determined in the budget;
 - b) authorise the Director-General to enter into commitments and make payments within

skal storleiken på dei økonomiske bidraga endrast av rådet i samsvar med det utrekningsgrunnlaget som er fastsett i punkt 3 ovanfor. Den nye skalaen skal tre i kraft når vedkommande stat blir part i denne konvensjonen.

7. Dersom ein stat etter at denne konvensjonen er tredd i kraft, sluttar å vere part i denne konvensjonen, skal storleiken på dei økonomiske bidraga endrast av rådet i samsvar med utrekningsgrunnlaget fastsett i punkt 3 ovanfor. Den nye skalaen skal tre i kraft når vedkommande stat sluttar å vere part i denne konvensjonen.

Artikkel 15

Budsjett

1. Budsjettet til Mercator internasjonale senter for havet skal fastsetjast i euro.
2. Rekneskapsåret skal vere frå 1. januar til 31. desember kvart år.
3. Budsjettet skal utarbeidast for kvart rekneskapsår før byrjinga av det året, på dei vilkåra som er fastsette i finansreglementet.

I dei fem første heile rekneskapsåra skal det finansielle bidraget til medlemsstatane som er fastsett i budsjettet, etter frådrag av eventuelle tilleggsbidrag som rådet har akseptert i samsvar med artikkel 14.4, haldast innanfor det bidragstaket som rådet har vedteke i samsvar med artikkel 8.2 j).

Inntektene og utgiftene i budsjettet skal vere i balanse.

Utgiftene skal dekkjast av økonomiske bidrag frå medlemsstatane og eventuelle andre inntekter, inkludert finansiering frå delegerande einingar for delegerte aktivitetar.

4. Rådet skal i samsvar med artikkel 8.3 d) vedta budsjettet for kvart rekneskapsår, inkludert personalbehov og samla overslag over utgifter og inntekter som er planlagde i dei neste to åra, og dessutan eventuelle tilleggs- og endringsbudsjett.
5. Rådsvedtaket av budsjettet skal:
 - a) forplikte kvar medlemsstat til å stille til rådvelde for Mercator internasjonale senter for havet dei økonomiske bidraga som er fastsette i budsjettet;
 - b) gi generaldirektøren fullmakt til å inngå forpliktingar og gjennomføre betalningar innan-

the limits of the appropriations authorised for these purposes.

6. If the budget has not been adopted by the Council by the beginning of a financial year,
 - a) the Director-General may, each month, enter into commitments and make payments in each budget chapter up to one twelfth of the appropriations in the budget of the preceding financial year;
 - b) Member States shall pay each month, on a provisional basis and in accordance with the scale of financial contributions provided for in Article 14.2, the amounts necessary for the application of the subparagraph a) above.
7. The budget shall be implemented under the conditions laid down in the Financial Regulations.
8. The detail of the financial arrangements and accounting procedures shall be contained in the Financial Regulations.

Article 16

Audit

1. The accounts of all revenue and expenditure shown in the budgets and the balance sheet of the assets and liabilities of Mercator International Centre for the Ocean shall, under the conditions laid down in the Financial Regulations, be submitted to an independent external audit.

The purpose of the audit shall be to establish that all revenue has been received and all expenditure incurred in a lawful and regular manner and that the financial management of Mercator International Centre for the Ocean has been sound.

2. The Director-General shall give the external auditors any information and assistance needed for the execution of their tasks.
3. The external auditors shall submit a report on the annual accounts for consideration by the Council.
4. The Council acting in accordance with Article 8.4 i), shall take into account the report of the external auditors together with the views of the Council Advisory Committee when deciding on the approval of the annual accounts of Mercator International Centre for the Ocean and giving discharge to the Director-General in respect of the execution of the budget.

for rammene av dei løyvingane som er godkjende for desse formåla.

6. Dersom budsjettet ikkje er vedteke av rådet innan byrjinga av eit rekneskapsår,
 - a) generaldirektøren kan kvar månad inngå forpliktingar og gjennomføre betalningar i kvart budsjettkapittel med inntil ein tolvtedel av løyvingane i budsjettet for det førre rekneskapsåret;
 - b) medlemsstatane skal kvar månad, førebels og i samsvar med storleiken på dei finansielle bidraga fastsette i artikkel 14.2, betale dei beløpa som er nødvendige for bruken av bokstav a) ovanfor.
7. Budsjettet skal gjennomførast på dei vilkåra som er fastsette i finansforskrifta.
8. Detaljane i dei økonomiske ordningane og rekneskapsprosedyrane skal inntakast i finansforskrifta.

Artikkel 16

Revisjon

1. Rekneskapen over alle inntekter og utgifter i budsjetta og balansen over egedelar og forpliktingar til Mercator internasjonale senter for havet skal, på dei vilkåra som er fastsette i finansreglementet, leggjast fram for ein uavhengig ekstern revisjon.

Formålet med revisjonen skal vere å fastslå at alle inntekter og utgifter er mottekne på ein lovleg og forskriftsmessig måte, og at den økonomiske forvaltninga av Mercator internasjonale senter for havet har vore forsvarleg.

2. Generaldirektøren skal gi dei eksterne revisorane all informasjon og hjelp som er nødvendig for å utføre oppgåvene deira.
3. Dei eksterne revisorane skal gi ein rapport om årsrekneskapen til behandling i rådet.
4. Rådet skal i samsvar med artikkel 8.4 i) ta omsyn til rapporten frå dei eksterne revisorane saman med synspunkta frå rådets rådgivande komité når det tek avgjerd om godkjenning av årsrekneskapen for Mercator internasjonale senter for havet og gir generaldirektøren ansvarsfridom for gjennomføringa av budsjettet.

Article 17

Property rights and policy for software, data and information

1. The Digital Ocean Information Services developed and delivered by Mercator International Centre for the Ocean shall follow the policy principles for Findable, Accessible, Interoperable and Reusable data.
2. Mercator International Centre for the Ocean shall have full ownership of all results, including industrial property rights, from activities carried out pursuant to this Convention, unless otherwise agreed with a Delegating Entity for data and information outputs of Digital Ocean Information Services delivered by Mercator International Centre for the Ocean on behalf of that Delegating Entity.
3. Each Member State shall be granted, free of charge, non-exclusive licences for use of software, technical tools and related information for fulfilling its official duties in the field of operational oceanography.
4. Policies for the further use and distribution of software within and outside Member States, including licensing conditions when appropriate, shall be adopted by the Council, acting in accordance with Article 8.3 b).
5. Unless the Council decides otherwise, acting in accordance with Article 8.3 b), the data and information outputs of Digital Ocean Information Services that are owned by Mercator International Centre for the Ocean shall be available on a free and open basis.
6. In the case of Digital Ocean Information Services to be delivered by Mercator International Centre for the Ocean on behalf of and under funding from a Delegating Entity, the Director-General shall seek to obtain from the said Delegating Entity that data and information outputs of such Digital Ocean Information Services are available for use free of charge by Member States, if such outputs are not made available on a free and open basis by that Delegating Entity.

Article 18

Liability

1. The international liability arising from the activities of Mercator International Centre for the Ocean, including the liability resulting from any act or omission by staff members in the performance of their duties, or by a person other than a staff member appointed by the

Artikkel 17

Eigedomsrettar og retningslinjer for programvare, data og informasjon

1. Dei digitale havinformasjonstenestene som blir utvikla og leverte av Mercator internasjonale senter for havet, skal følgje dei politiske prinsippa for søkbare, tilgjengelege, interoperable og gjenbrukbare data.
2. Mercator internasjonale senter for havet skal ha full eigarskap til alle resultata, inkludert industrielle eigedomsrettar, frå aktivitetar utført i samsvar med denne konvensjonen, med mindre anna er avtalt med ei delegerande eining for data og informasjonsutdata frå digitale havinformasjonstenester leverte av Mercator internasjonale senter for havet på vegner av den delegerande eininga.
3. Kvar medlemsstat skal få gratis ikkje-eksklusive lisensar for bruk av programvare, tekniske verktøy og tilhøyrande informasjon for å oppfylle dei offisielle oppgåvene sine innan operativ oseanografi.
4. Retningslinjer for vidare bruk og distribusjon av programvare i og utanfor medlemsstatane, inkludert lisensvilkår når det er formålstenleg, skal vedtakast av rådet i samsvar med artikkel 8.3 b).
5. Med mindre rådet vedtek noko anna, i samsvar med artikkel 8.3 b), skal data og informasjonsutdata frå digitale havinformasjonstenester som er eigde av Mercator internasjonale senter for havet vere tilgjengelege på eit fritt og ope grunnlag.
6. Når det gjeld digitale havinformasjonstenester som skal leverast av Mercator internasjonale senter for havet på vegner av og under finansiering frå ei delegerande eining, skal generaldirektøren søke å innhente frå nemnde delegerande eining at data og informasjonsutdata frå slike digitale havinformasjonstenester er tilgjengelege for gratis bruk av medlemsstatane, viss slike data ikkje blir gjorde tilgjengeleg på fri og open basis av den delegerande eininga.

Artikkel 18

Ansvar

1. Det internasjonale ansvaret som oppstår som følgje av aktivitetane til Mercator internasjonale senter for havet, inkludert ansvar som følgje av alle handlingar eller unnlatingar frå tilsette i utføringa av pliktene deira, eller av ein annan person enn ein tilsett utnemnd av gene-

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon om skiping av ein mellomstatleg organisasjon for utvikling og utnytting av digitale havsystem og informasjonstenester (Mercator internasjonale senter for havet) av 23. april 2025

Director General to carry out a specific task for or on behalf of Mercator International Centre for the Ocean in the performance of that task, shall fall entirely on Mercator International Centre for the Ocean itself and shall not be borne by any Member State.

2. Mercator International Centre for the Ocean shall indemnify the Member States against:
 - a) any loss or damage to any property in the ownership, possession or custody of the Member States, which is caused by wilful misconduct or negligence in the performance of the duties, or in connection therewith, by a staff member or a person other than a staff member appointed by the Director General to carry out a specific task for or on behalf of Mercator International Centre for the Ocean;
 - b) any loss incurred by the Member States through having to compensate a third party for loss of or damage to the latter's property or for personal injury, arising from wilful misconduct or negligence in the performance of the duties, or in connection therewith, by a staff member or a person other than a staff member appointed by the Director General to carry out a specific task for or on behalf of Mercator International Centre for the Ocean.
3. Notwithstanding paragraph 1 of this Article, Mercator International Centre for the Ocean cannot be held liable for any consequence of the use, degradation, interruption or discontinuation of the Digital Ocean Information Services made available by Mercator International Centre for the Ocean pursuant to this Convention.

Article 19

Privileges and immunities

1. Mercator International Centre for the Ocean and the persons referred to in the Protocol on the Privileges and Immunities of Mercator International Centre for the Ocean attached as Annex IV shall enjoy the privileges and immunities in the territories of the Member States that are necessary for the performance of the official activities of Mercator International Centre for the Ocean.
2. These privileges and immunities are specified in the Protocol on Privileges and Immunities of Mercator International Centre for the Ocean attached as Annex IV and can be further detailed in:

raldirektøren til å utføre ei viss oppgåve for eller på vegner av Mercator internasjonale senter for havet i utføringa av denne oppgåva, skal i sin heilskap kvile på Mercator internasjonale senter for havet sjølv og skal ikkje berast av nokon medlemsstat.

2. Mercator internasjonale senter for havet skal halde medlemsstatane skadeslause for:
 - a) alle tap eller skader på eigedom som er i eige, innehaving eller varetekt hos medlemsstatane, som er forårsaka av forsettleg forsømming eller aktløyse i utføringa av pliktene, eller i samband med dette, av ein tilsett eller ein annan person enn ein tilsett utpeika av generaldirektøren for å utføre ei viss oppgåve for eller på vegner av Mercator internasjonale senter for havet;
 - b) alle tap som blir påført medlemsstatane ved å måtte erstatte ein tredjepart for tap av eller skade på eigedommen til sistnemnde eller for personskade, som oppstår som følge av forsettleg forsømming eller aktløyse under utføringa av arbeidsoppgåvene, eller i samband med dette, av ein tilsett eller ein annan person enn ein tilsett som er utpeika av generaldirektøren for å utføre ei viss oppgåve for eller på vegner av Mercator internasjonale senter for havet.
3. Trass i punkt 1 i denne artikkelen, kan ikkje Mercator internasjonale senter for havet haldest ansvarleg for nokre følgjer av bruk, degradering, avbrot eller opphøyr av dei digitale havinformasjonstenestene som er gjorde tilgjengelege av Mercator internasjonale senter for havet i samsvar med denne konvensjonen.

Artikkel 19

Privilegium og immunitet

1. Mercator internasjonale senter for havet og dei personane som er nemnde i protokollen om privilegium og immunitet for Mercator internasjonale senter for havet, vedlagt som vedlegg IV, skal nyte godt av dei privilegia og immunitetane på territoria til medlemsstatane som er nødvendige for utføringa av den offisielle verksemda til Mercator internasjonale senter for havet.
2. Desse privilegia og immunitetane er spesifisert i protokollen om privilegium og immunitet frå Mercator internasjonale senter for havet, vedlagt som vedlegg IV, og kan omtalast nærare i:

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon om skiping av ein mellomstatleg organisasjon for utvikling og utnytting av digitale havsystem og informasjonstenester (Mercator internasjonale senter for havet) av 23. april 2025

- a) the Host Agreement to be concluded between Mercator International Centre for the Ocean and the Member State hosting the Headquarters and approved by the Council acting in accordance with Article 8.4 p);
 - b) Agreements concluded between Mercator International Centre for the Ocean and a Member State in whose territory additional Mercator International Centre for the Ocean premises are established and approved by the Council acting in accordance with Article 8.4 q).
3. Mercator International Centre for the Ocean may conclude supplementary agreements with one or more Member States to give effect to the provisions of the Protocol of Privileges and Immunities attached as Annex IV as regards such State or States and other arrangements to ensure the efficient functioning of Mercator International Centre for the Ocean and the safeguarding of its interests.
- a) vertsavtalen som skal inngåast mellom Mercator internasjonale senter for havet og medlemsstaten som er vertskap for hovudkvarteret, og som skal godkjennast av rådet i samsvar med artikkel 8.4 p);
 - b) avtalar inngått mellom Mercator internasjonale senter for havet og ein medlemsstat på kva territorium ytterlegare Mercator internasjonale senter for havet er etablert og godkjend av rådet i samsvar med artikkel 8.4 q).
3. Mercator internasjonale senter for havet kan inngå tilleggsavtalar med ein eller fleire medlemsstatar for å gjennomføre føresegnene i protokollen om privilegium og immunitetar vedlagt som vedlegg IV for vedkommande stat eller statar og andre ordningar for å sikre at Mercator internasjonale senter for havet fungerer effektivt og ivaretek dets interesser.

Article 20

Disputes

1. Any dispute between two or more Member States, or between any of them and Mercator International Centre for the Ocean, concerning the interpretation or application of this Convention shall be settled amicably by or through the Council. Parties shall use their best efforts to resolve any dispute by amicable means which may include additional consultation and negotiation.
2. If a dispute cannot be settled by amicable means within a reasonable timeframe, the dispute shall be submitted to an Arbitration Tribunal at the request of any Party to the dispute, unless the Parties agree on another mode of settlement.
3. A State that is a Party to a dispute, which cannot be settled by amicable means within a reasonable timeframe, shall be deemed to have accepted arbitration in accordance with paragraph 2.
4. The Arbitration Tribunal shall consist of three members. Each Party to the dispute shall nominate one arbitrator within a period of two months reckoned from the date of receipt of the request referred to in paragraph 2 above. The first two arbitrators shall, within a period of two months reckoned from the nomination of the second arbitrator, nominate the third arbitrator, who shall be the Chairperson of the

Artikkel 20

Tvistar

1. Alle tvistar mellom to eller fleire medlemsstatar, eller mellom nokre av dei og Mercator internasjonale senter for havet, om tolkinga eller bruken av denne konvensjonen, skal løysast på minneleg vis av eller gjennom rådet. Partane skal gjere sitt beste for å løyse alle tvistar på minnelege måtar som kan omfatte fleire konsultasjonar og forhandlingar.
2. Dersom ein tvist ikkje kan løysast på minneleg måte innan rimeleg tid, skal tvisten leggjast fram for ein skilsdomstol på oppmoding frå ein part i tvisten, med mindre partane blir samde om ein annan måte å løyse tvisten på.
3. Ein stat som er part i ein tvist som ikkje kan løysast på minneleg måte innan rimeleg tid, skal reknast for å ha akseptert skilsdom i samsvar med punkt 2.
4. Skilsdomsretten skal bestå av tre medlemmer. Kvar part i tvisten skal peike ut éin skilsdomsdommar innan ein periode på to månader rekna frå datoen for mottak av oppmodinga nemnd i punkt 2 ovanfor. Dei to første skilsdomsdommarane skal, innan ein periode på to månader rekna frå utnemninga av den andre skilsdomsdommaren, peike ut den tredje skilsdomsdommaren, som skal vere leiar av skils-

Arbitration Tribunal and who may not be a national of a State that is a party to the dispute.

If one of the two arbitrators has not been nominated within the required period he shall, at the request of either Party, be nominated by the Secretary General of the Permanent Court of Arbitration. The same procedure shall apply if the Chairperson of the Arbitration Tribunal has not been nominated within the required period.

5. The Arbitration Tribunal shall itself determine its seat and establish its own rules of procedure.
6. Each Party shall bear the costs relating to the arbitrator for whose nomination it is responsible, as well as the costs of being represented before the Tribunal. The expenditure relating to the Chairperson of the Arbitration Tribunal shall be shared equally by the Parties to the dispute.
7. The award of the Arbitration Tribunal shall be adopted by a majority of its members, who may not abstain from voting. This award shall be final and binding on all Parties to the dispute and no appeal shall lie against it. The Parties shall comply with the award without delay. In the event of a dispute as to its meaning or scope, the Arbitration Tribunal shall interpret it at the request of any Party to the dispute.
8. The Financial Regulations to be approved by the Council in accordance with Article 8.3 a) shall include provisions for dispute settlement, including arbitration, for disputes arising out of contracts concluded by Mercator International Centre for the Ocean for the purpose of activities fully funded by the Member States.

domstolen og som ikkje kan vere statsborgar i ein stat som er part i tvisten.

Dersom ein av dei to skilsdomsdommarane ikkje er utnemnd innan den fastsette fristen, skal han på oppmoding frå ein av partane utnemnast av generalsekretæren for Den faste skilsdomstolen. Same framgangsmåte skal gjelde dersom leiaren i skilsdomsretten ikkje er utnemnd innan den fastsette fristen.

5. Skilsdomsretten skal sjølv fastsetje setet sitt og fastsetje sitt eige prosessreglement.
6. Kvar part skal bere kostnadene knytte til skilsdomsmannen som han er ansvarleg for å utnemne, og dessutan kostnadene ved å vere representert for nemnda. Utgiftene til leiaren i skilsdomsretten skal delast likt mellom partane i tvisten.
7. Rettsavgjerda til skilsdomsretten skal vedtakast av eit fleirtal av medlemmene, som ikkje kan avstå frå å stemme. Denne rettsavgjerda skal vere endeleg og bindande for alle partar i tvisten, og ho kan ikkje ankast. Partane skal etterkome rettsavgjerda utan opphald. I tilfelle ein tvist om avgjerda si betydning eller omfang, skal skilsdomstolen tolke ho på oppmoding frå ein part i tvisten.
8. Finansreglementet som skal godkjennast av rådet i samsvar med artikkel 8.3 a), skal innehalde føresegner om tvisteløysing, inkludert skilsdom, for tvistar som oppstår som følge av kontraktar inngått av Mercator internasjonale senter for havet når det gjeld verksemd som er fullt finansiert av medlemsstatane.

Article 21

Signature and ratification

1. This Convention shall be open for signature to the States listed in Annex I.
2. The signatory States shall become parties to this Convention subject to ratification, acceptance or approval of this Convention.
3. The instruments of ratification, acceptance or approval shall be deposited with France hereafter referred to as the "Depositary".

Artikkel 21

Underteikning og ratifikasjon

1. Denne konvensjonen skal vere open for under-teikning for dei statane som er oppførte i vedlegg I.
2. Signatarstatane skal bli partar i denne konvensjonen med atterhald om ratifikasjon, godtaking eller godkjenning av denne konvensjonen.
3. Ratifikasjons-, godtakings- eller godkjenningsdokumenta skal deponerast i Frankrike, frå no av kalla «depositaren».

Article 22

Entry into force

1. This Convention shall enter into force on the first day of the second month following the date of its ratification, acceptance or approval by no less than one fourth of the States listed in Annex I, including the State in whose territory the Headquarters of the Centre are located, provided that the total financial contributions by these States amounts to at least fifty percent of the total contributions in accordance with the scale contained in Annex II.
2. For any other signatory State, this Convention shall enter into force on the first day of the second month following the date of the deposit of its instrument of ratification, acceptance or approval.
3. If this Convention has not entered into force two (2) years after the date on which the Convention was opened for signature, the Depositary referred to in Article 29 shall convene the governments of the States that have become Parties to the Convention and invite them to decide on the way forward.

Article 23

Accession

1. After the entry into force of this Convention, any State which is not a signatory may accede to this Convention, subject to the consent of the Council acting in accordance with Article 8.2 a).

A State that wishes to accede to this Convention shall notify the Director-General accordingly and the latter shall inform the Member States of the request at least three (3) months before it is submitted to the Council for decision.

2. The Council, acting in accordance with Article 8.2 a), may determine specific terms and conditions for the accession of the State in question.
3. Unless otherwise decided by the Council acting in accordance with Article 8.2.a), a State which becomes a Party to this Convention after 31 December of the year during which the Convention has entered into force shall be required to pay, in addition to the financial contributions laid down in Article 14, a single additional contribution to the expenditure previously incurred by Mercator International Centre for the Ocean.

Artikkel 22

Ikraftsettjing

1. Denne konvensjonen skal tre i kraft den første dagen i den andre månaden etter datoen for ratifikasjon, godtakelse eller godkjenning av minst ein fjerdedel av statane oppført i vedlegg I, inkludert den staten på kva territorium hovudkvarteret til senteret ligg, føresett at dei totale økonomiske bidraga frå desse statane utgjer minst femti prosent av dei totale bidraga i samsvar med skalaen i vedlegg II.
2. For einkvar annan signatarstat, skal denne konvensjonen tre i kraft den første dagen i den andre månaden etter datoen for deponering av ratifikasjons-, godtakings- eller godkjenningssdokument.
3. Dersom denne konvensjonen ikkje har tredd i kraft to (2) år etter den datoen då konvensjonen vart opna for underteikning, skal depositaren nemnt i artikkel 29 kalle inn regjeringane i dei statane som har vorte partar i konvensjonen, og oppmode dei til å ta stilling til vegen vidare.

Artikkel 23

Tiltreding

1. Etter at denne konvensjonen har tredd i kraft, kan alle statar som ikkje er ein signatar, tiltre denne konvensjonen med atterhald om samtykke frå rådet i samsvar med artikkel 8.2 a).

Ein stat som ønskjer å tiltre denne konvensjonen, skal underrette generaldirektøren om dette, og denne skal underrette medlemsstatane om oppmodinga minst tre (3) månader før ho blir lagt fram for rådet for avgjerding.

2. Rådet kan i samsvar med artikkel 8.2 a) fastsetje nærare vilkår for den aktuelle staten si tiltreding.
3. Med mindre anna blir vedteke av rådet i samsvar med artikkel 8.2 a), skal ein stat som blir part i denne konvensjonen etter 31. desember i det året konvensjonen har tredd i kraft, i tillegg til dei finansielle bidraga fastsett i artikkel 14, vere pålagt å betale eit enkelt tilleggssbidrag til dei utgiftene som tidlegare er pådrege Mercator internasjonale senter for havet.

The amount of the single additional contribution shall be determined by the Council, acting in accordance with Article 8.2 a).

4. Unless the Council decides otherwise, acting in accordance with Article 8.2 a), any additional contribution paid pursuant to paragraph 3 above shall be deducted from the financial contributions of the other Member States. This reduction shall be calculated on a pro rata basis according to the contributions actually paid by each Member State prior to the current financial year.
5. For each acceding State, this Convention shall enter into force on the first day of the second month following the deposit of its instrument of accession with the Depository.

Article 24

Arrangements for the first financial year

1. The first financial year shall run from the entry into force of this Convention until the following 31 December. In the event of this period beginning during the second half of a calendar year, it shall run until 31 December of the following year, unless otherwise agreed by the Council by a unanimous vote.
2. Signatory States whose ratification, acceptance or approval is still pending after the entry into force of the Convention may be represented at meetings of the Council and take part in its work without the right to vote for a period of twelve months after the entry into force of this Convention. This period may be extended for a further period of six months by the Council, acting in accordance with Article 8.5 d).
3. A transition and service continuity plan and related arrangements with the société civile Mercator Ocean shall be presented to the Council for approval by a two-thirds majority vote.
4. In the first financial year the Member States listed in Annex III shall provide exceptional additional financial contributions for the acquisition of the necessary assets of the société civile Mercator Ocean by Mercator International Centre for the Ocean which shall be calculated on the basis of the scale provided in Annex III. Such contributions shall not affect calculation of the voting majorities referred to in Article 8.

The ceiling of financial contributions approved by the Council acting in accordance

Storleiken på kvart enkelt tilleggsbidrag skal fastsetjast av rådet i samsvar med artikkel 8.2 a).

4. Med mindre rådet vedtek noko anna i samsvar med artikkel 8.2 a), skal eventuelle tilleggsbidrag som blir betalte i samsvar med punkt 3 ovanfor, bli trekte frå det finansielle bidraget til resten av medlemsstatane. Denne reduksjonen skal utreknast forholdsmessig i høve til dei bidraga som faktisk er betalte av kvar medlemsstat før inneverande rekneskapsår.
5. For kvar tiltredande stat skal denne konvensjonen tre i kraft den første dagen i den andre månaden etter deponering av tiltredingsdokument hos depositaren.

Artikkel 24

Ordningar for det første rekneskapsåret

1. Det første rekneskapsåret skal vere frå iverksetjinga av denne konvensjonen til den følgjande 31. desember. Dersom denne perioden byrjar i løpet av andre halvdel av eit kalenderår, skal han springa til 31. desember.
2. Signatarstatar der ratifikasjon, godtaking eller godkjenning framleis er under behandling etter at konvensjonen har tredd i kraft, kan vere representert på møta til rådet og delta i rådets arbeid utan stemmerett i ein periode på tolv månader etter at denne konvensjonen er tredd i kraft. Denne perioden kan forlengjast med seks månader til av rådet i samsvar med artikkel 8.5 d).
3. Ein overgangs- og tenestekontinuitetsplan og tilhøyrande ordningar med société civile Mercator Ocean skal leggjast fram for rådet for godkjenning med to tredjedels fleirtal.
4. I det første rekneskapsåret skal medlemsstatane oppførte i vedlegg III gi særlege tilleggstilskot til Mercators internasjonale senter for anskaffinga av dei nødvendige egedelane i Société civile Mercator Ocean, som skal reknast på grunnlag av skalaen fastsett i vedlegg III. Slike bidrag skal ikkje påverke utrekninga av stemmefleirtala nemnde i artikkel 8.

Taket for økonomiske bidrag som er godkjent av rådet i samsvar med artikkel 8.2 j), skal

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon om skiping av ein mellomstatleg organisasjon for utvikling og utnytting av digitale havsystem og informasjonstenester (Mercator internasjonale senter for havet) av 23. april 2025

with Article 8.2 j) shall not apply to the total of exceptional additional financial contributions.

5. At its first meeting the Scientific and Technical Advisory Committee shall determine, by drawing lots, the nine members of the Committee whose terms of office shall expire in accordance with Article 9.2, at the end of the first, second and third years of operation of the Committee.

Article 25

Amendments

1. Any Member State may propose amendments to this Convention. The amendment proposals shall be sent to the Director-General who shall communicate them to the other Member States at least three months prior to their examination by the Council.
2. The Council shall examine the said proposals and may, acting unanimously, decide to recommend the Member States to accept the proposed amendments.
3. The amendments recommended by the Council shall enter into force thirty days following the receipt by the depositary of the Convention of the written declarations of ratification, acceptance or approval of all the Member States.

Article 26

Withdrawal

1. Any Member State may withdraw from this Convention after it has been in force for five years by giving notice to the Depositary of the Convention. Withdrawal from membership shall take effect at the end of the second financial year following the year during which notice is given.
2. The State concerned shall remain bound to contribute towards financing all commitments entered into by the Mercator International Centre for the Ocean before withdrawal takes effect and to respect the obligations which it contracted itself as a Member State vis-à-vis Mercator International Centre for the Ocean before the withdrawal takes effect.
3. The State concerned shall retain the rights to Mercator International Centre for the Ocean assets it has acquired up to the date the withdrawal takes effect and lose its rights thereafter.
4. The State concerned must indemnify Mercator International Centre for the Ocean, under

ikkje gjelde for summen av ekstraordinære tilleggstilskot.

5. På sitt første møte skal den vitenskaplege og tekniske rådgivande komiteen ved loddtrekking fastsetje dei ni medlemmene av komiteen der funksjonstida skal gå ut i samsvar med artikkel 9.2, ved utgangen av komiteens første, andre og tredje år.

Artikkel 25

Endringar

1. Alle medlemsstatar kan foreslå endringar i denne konvensjonen. Endringsforslaga skal sendast til generaldirektøren, som skal vidaresende dei til dei andre medlemsstatane minst tre månader før dei blir handsama av rådet.
2. Rådet skal handsame dei nemnde forslaga og kan ved einstemmig vedtak tilrå medlemsstatane å godta dei foreslåtte endringane.
3. Dei endringane som rådet tilrår, skal tre i kraft tretti dagar etter at konvensjonens depositar har motteke dei skriftlege erklæringane til alle medlemsstatane om ratifikasjon, godtaking eller godkjenning.

Artikkel 26

Oppseiing

1. Kvar medlemsstat kan seie opp denne konvensjonen etter at han har vore i kraft i fem år, ved å gi melding til depositaren for konvensjonen. Oppseiing av medlemskapen får verknad ved utgangen av det andre rekneskapsåret etter det året meldinga er gitt.
2. Den staten det gjeld skal framleis vere bunden til å bidra til finansieringa av alle forpliktingar som Mercator internasjonale senter for havet har inngått før oppseiinga trer i kraft, og til å overhalde dei forpliktingane medlemsstaten sjølv har inngått overfor Mercator internasjonale senter for havet før oppseiinga trer i kraft.
3. Staten det gjeld skal behalde rettane til Mercator internasjonale senter for havet sine eigedelar som medlemsstaten har erverva fram til den datoen oppseiinga får verknad, og mistar deretter rettane sine.
4. Staten det gjeld skal på dei vilkåra som er fastsette av rådet i samsvar med artikkel 8.2

the conditions laid down by the Council acting in accordance with Article 8.2 d), for any loss for Mercator International Centre for the Ocean of property in the territory of such a State, unless a special agreement is concluded guaranteeing Mercator International Centre for the Ocean the use of such property.

5. The scale of financial contributions shall be adjusted according to the basis for calculation laid down in Article 14.3, for the period following the denunciation by the concerned State.

Article 27

Non-fulfilment of obligations

1. A Member State that fails to fulfil its obligations under this Convention shall cease to be a member of Mercator International Centre for the Ocean, if the Council so decides, acting in accordance with Article 8.2 f), the State concerned not taking part in the vote on this matter.

The decision shall take effect at a date decided by the Council.

2. The Council may decide to suspend the voting rights of the State concerned before the decision to exclude that State takes effect.
3. If a Member State is excluded from the Convention,
 - a) the scale of contributions shall be adjusted according to the basis for calculation laid down in Article 14.3, for the financial years following the year in which the Council decision takes effect;
 - b) Articles 26.2, 26.3 and 26.4 shall be applicable mutatis mutandis.

Article 28

Dissolution

1. Mercator International Centre for the Ocean may at any time be dissolved by the Council, acting in accordance with Article 8.2 g).
2. Unless the Council acting in accordance with Article 8.2 h) decides otherwise, Mercator International Centre for the Ocean shall be dissolved if, as a result of the withdrawal from this Convention of one or more Member States under the provision of Article 26.1 or as a result of an exclusion following Article 27.1, the financial contribution rate of each other Member State is increased by more than one fifth.

d), halde Mercator internasjonale senter for havet skadeslaus for alle tap for Mercator internasjonale senter for havet av eigedom på statens territorium, med mindre det blir inngått ein særskild avtale som sikrar Mercator internasjonale senter for havet bruk av slik eigedom.

5. Storleiken på dei økonomiske bidraga skal justerast i samsvar med utrekningsgrunnlaget fastsett i artikkel 14.3, for perioden etter oppseiinga til medlemsstaten.

Artikkel 27

Manglande oppfylling av plikter

1. Ein medlemsstat som ikkje oppfyller pliktene sine etter denne konvensjonen, skal ikkje lenger vere medlem av Mercator internasjonale senter for havet, dersom rådet vedtek det, i samsvar med artikkel 8.2 f), staten det gjeld deltek ikkje i avstemminga om denne saka.

Vedtaket får verknad på ein dato rådet bestemmer.

2. Rådet kan vedta å suspendere stemmeretten til den staten det gjeld før avgjerda om å ekskludere denne staten tar til å gjelde.
3. Viss ein medlemsstat er ekskludert frå konvensjonen,
 - a) skal bidragsskalaen justerast i samsvar med berekningsgrunnlaget fastsett i artikkel 14.3 for rekneskapsåra etter det året då rådsvedtaket får verknad;
 - b) Artiklane 26.2, 26.3 og 26.4 får tilsvarende bruk.

Artikkel 28

Opplysning

1. Mercator internasjonale senter for havet kan når som helst oppløysast av rådet i samsvar med artikkel 8.2 g).
2. Med mindre rådet i samsvar med artikkel 8.2 h) bestemmer noko anna, skal Mercator internasjonale senter for havet oppløysast som eit resultat av ein eller fleire medlemsstatars oppseiing av denne konvensjonen i samsvar med føresegna i artikkel 26.1 eller som følgje av ein eksklusjon etter artikkel 27.1, aukar den økonomiske bidragssatsen for kvar annan medlemsstat med meir enn ein femdel.

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon om skiping av ein mellomstatleg organisasjon for utvikling og utnytting av digitale havsystem og informasjonstenester (Mercator internasjonale senter for havet) av 23. april 2025

In that case Member States having withdrawn from the Convention or having been excluded shall not take part in the vote on the Council.

3. In the event of dissolution of Mercator International Centre for the Ocean, the Council, acting in accordance with Article 8.3 f), shall appoint a liquidation authority.
4. Unless the Council, acting in accordance with Article 8.3 f), decides otherwise, the Mercator International Centre for the Ocean assets shall be shared among the Member States at the time of dissolution on a pro rata basis according to the financial contributions actually paid by them during the time in which they have been Parties to this Convention.

In the event of a deficit this shall be met by the same States pro rata to the contributions as fixed for the current financial year.

Article 29

Depositary

1. The Depositary shall be France.
2. The Depositary shall notify the signatory and acceding States of:
 - a) all signatures of the Convention;
 - b) the deposit of any instrument of ratification, acceptance, approval or accession;
 - c) the entry into force of the Convention;
 - d) the adoption and entry into force of any amendment to the Convention;
 - e) any denunciation of the Convention, or any loss of membership status in Mercator International Centre for the Ocean;
 - f) the dissolution of Mercator International Centre for the Ocean.

Article 30

Registration

Upon the entry into force of this Convention, and of any amendment to it, the Depositary shall register them with the Secretary General of the United Nations in accordance with Article 102 of the Charter of the United Nations.

IN WITNESS WHEREOF the undersigned, being duly authorized by their respective governments, have signed the present Convention, in one original, in the English and French languages, all texts being equally authentic.

I så fall skal medlemsstatar som har sagt opp konvensjonen eller som er ekskludert, ikkje delta i avstemminga i rådet.

3. Ved oppløysing av Mercator internasjonale senter for havet, skal rådet, i samsvar med artikkel 8.3 f), utnemne ei likvidasjonsmyndighet.
4. Med mindre rådet i samsvar med artikkel 8.3 f) bestemmer noko anna, skal Mercator internasjonale senter for havet sine eigedelar fordelast mellom medlemsstatane på tidspunktet for oppløysinga på eit forholdsmessig grunnlag i forhold til dei finansielle bidraga dei faktisk har betalt i den tida dei har vore partar i denne konvensjonen.

I tilfelle underskot skal dette dekkjast av dei same statane pro rata i forhold til bidraga som er fastsette for inneverande rekneskapsår.

Artikkel 29

Depositar

1. Depositaren skal vere Frankrike.
2. Depositaren skal underrette signatarstatane og dei tiltredande statane om:
 - a) alle underteikningar av konvensjonen;
 - b) deponering av alle ratifikasjons-, godtakings-, godkjennings- eller tiltredingsdokument;
 - c) ikrafttreding av konvensjonen;
 - d) vedtaking og ikrafttreding av alle endringar av konvensjonen;
 - e) alle tilbaketrekkingar frå konvensjonen, eller alle tap av medlemskap i Mercator internasjonale senter for havet;
 - f) oppløysinga av Mercator internasjonale senter for havet.

Artikkel 30

Registrering

Ved ikrafttredinga av denne konvensjonen og ved alle endringar av den, skal depositaren registrere dei hos Dei sameinte nasjonanes generalsekretær i samsvar med artikkel 102 i Dei sameinte nasjonane si pakt.

TIL STADFESTING AV DETTE har dei underteikna, som er gitt myndigheit til det av sine respektive regjeringar, underteikna denne konvensjonen i eitt originaleksemplar på engelsk og fransk, og alle tekstar har same gyldigheit.

Annex I

List of States to which the convention is open for signature

Republic of *Austria*
 Kingdom of *Belgium*
 Republic of *Bulgaria*
 Republic of *Croatia*
 Republic of *Cyprus*
Czech Republic
 Kingdom of *Denmark*
 Republic of *Estonia*
 Republic of *Finland*
 Republic of *France*
 Federal Republic of *Germany*
 Hellenic Republic (*Greece*)
Hungary
Iceland
Ireland
 Republic of *Italy*
 Republic of *Latvia*
 Republic of *Lithuania*
 Grand Duchy of *Luxembourg*
 Republic of *Malta*
 Principality of *Monaco*
 Kingdom of the *Netherlands*
 Kingdom of *Norway*
 Republic of *Poland*
 Republic of *Portugal*
Romania
Slovak Republic
 Republic of *Slovenia*
 Kingdom of *Spain*
 Kingdom of *Sweden*
United Kingdom of Great Britain and
 Northern Ireland

Annex II

Provisional scale of financial contributions for the implementation of article 22.1

The scale given below is intended exclusively for the purpose of implementing Article 22.1 of the Convention.

It is based on the United Nations Statistics Division Gross National Income (GNI) statistics for the period 2021 to 2023.

Vedlegg I

Liste over statar som konvensjonen er open for undertekning for

Republikken *Austerrike*
 Kongeriket *Belgia*
 Republikken *Bulgaria*
 Republikken *Kroatia*
 Republikken *Kypros*
 Den *tsjekkiske* republikken
 Kongeriket *Danmark*
 Republikken *Estland*
 Republikken *Finland*
 Republikken *Frankrike*
 Forbundsrepublikken *Tyskland*
 Den hellenske republikk (*Hellas*)
Ungarn
Island
Irland
 Republikken *Italia*
 Republikken *Latvia*
 Republikken *Litauen*
 Storhertugdømmet *Luxembourg*
 Republikken *Malta*
 Fyrstedømmet *Monaco*
 Kongeriket *Nederland*
 Kongeriket *Noreg*
 Republikken *Polen*
 Republikken *Portugal*
Romania
 Den *slovakiske* republikken
 Republikken *Slovenia*
 Kongeriket *Spania*
 Kongeriket *Sverige*
 Det sameinte kongerike *Storbritannia* og
Nord-Irland

Vedlegg II

Førebels storleik for økonomiske bidrag for gjennomføring av artikkel 22.1

Skalaen nedanfor er berre meint for å gjennomføre artikkel 22.1 i konvensjonen.

Den er basert på FNs statistikkavdelings statistikk for bruttonasjonalinntekt (BNI) for perioden 2021 til 2023.

Samtykke til ratifikasjon av konvensjon om skiping av ein mellomstatleg organisasjon for utvikling og utnytting av digitale havsystem og informasjonstenester (Mercator internasjonale senter for havet) av 23. april 2025

State	%	Tilstand	%
Republic of <i>Austria</i>	2,29	Republikken <i>Austerrike</i>	2,29
Kingdom of <i>Belgium</i>	2,88	Kongeriket <i>Belgia</i>	2,88
Republic of <i>Bulgaria</i>	0,41	Republikken <i>Bulgaria</i>	0,41
Republic of <i>Croatia</i>	0,35	Republikken <i>Kroatia</i>	0,35
Republic of <i>Cyprus</i>	0,14	Republikken <i>Kypros</i>	0,14
<i>Czech Republic</i>	1,42	Den <i>tsjekkiske</i> republikk	1,42
Kingdom of <i>Denmark</i>	1,96	Kongeriket <i>Danmark</i>	1,96
Republic of <i>Estonia</i>	0,18	Republikken <i>Estland</i>	0,18
Republic of <i>Finland</i>	1,37	Republikken <i>Finland</i>	1,37
Republic of <i>France</i>	14,07	Republikken <i>Frankrike</i>	14,07
Federal Republic of <i>Germany</i>	20,73	Forbundsrepublikken <i>Tyskland</i>	20,73
Hellenic Republic (<i>Greece</i>)	1,04	Hellenske republikk (<i>Hellas</i>)	1,04
<i>Hungary</i>	0,86	<i>Ungarn</i>	0,86
<i>Iceland</i>	0,13	<i>Island</i>	0,13
<i>Ireland</i>	1,83	<i>Irland</i>	1,83
Republic of <i>Italy</i>	10,29	Republikken <i>Italia</i>	10,29
Republic of <i>Latvia</i>	0,18	Republikken <i>Latvia</i>	0,18
Republic of <i>Lithuania</i>	0,33	Republikken <i>Litauen</i>	0,33
Grand Duchy of <i>Luxembourg</i>	0,26	Storhertugdømmet <i>Luxembourg</i>	0,26
Republic of <i>Malta</i>	0,08	Republikken <i>Malta</i>	0,08
Principality of <i>Monaco</i>	0,04	Fyrstedømmet <i>Monaco</i>	0,04
Kingdom of the <i>Netherlands</i>	5,05	Kongeriket <i>Nederland</i>	5,05
Kingdom of <i>Norway</i>	2,47	Kongeriket <i>Noreg</i>	2,47
Republic of <i>Poland</i>	3,24	Republikken <i>Polen</i>	3,24
Republic of <i>Portugal</i>	1,22	Republikken <i>Portugal</i>	1,22
<i>Romania</i>	1,42	<i>Romania</i>	1,42
<i>Slovak Republic</i>	0,56	Den <i>slovakiske</i> republikk	0,56
Republic of <i>Slovenia</i>	0,29	Republikken <i>Slovenia</i>	0,29
Kingdom of <i>Spain</i>	6,97	Kongeriket <i>Spania</i>	6,97
Kingdom of <i>Sweden</i>	2,92	Kongeriket <i>Sverige</i>	2,92
<i>United Kingdom</i> of Great Britain and Northern Ireland	15,02	Det sameinte kongerike <i>Storbritannia og Nord-Irland</i>	15,02
<i>Total</i>	100,00	<i>Totalt</i>	100,00

Annex III

List of states and scale of financial contributions for the implementation of article 24.4

State	%
Republic of <i>France</i>	[80]
Republic of <i>Italy</i>	[10]
Kingdom of <i>Norway</i>	[5]
Kingdom of <i>Spain</i>	[5]
Total	100

Annex IV

Protocol on the privileges and immunities of Mercator International Centre for the Ocean

